

Til grunneigarar i Myrkdalen

KOMMUNEDELPLAN FOR MYRKDALEN

Planoppstart og program for konsekvensutgreiing

Formannskapet/plan og økonomi (FPL) i Voss kommune vedtok 15.mars 2007 at det skal setjast i gang arbeid med Kommunedelplan (KDP) for Myrkdalen (sjå vedlegg). Samstundes vedtok FPL at planprogrammet skulle leggjast ut til offentlig ettersyn og sendast myndigheiter og organisasjonar til fråsegn. I kommunen si behandling er det stadfesta at Voss Fjellandsby AS (VF) er tiltakshavar for prosjektet dvs. at Voss Fjellandsby AS skal gjennomføre plan-arbeidet, og då føreset ein at Kommunen v/FPL vert styringsgruppe.

Voss kommune har i melding datert 27.03.07 bede Voss Fjellandsby AS å sende dette ut til alle grunneigarane, slik at alle i Myrkdalen får varsel om planoppstart og planprogrammet og høve til å gje fråsegn. Planprogram og oversendingsbrev fylgjer vedlagt. Fråsegner skal sendast til Opus Bergen AS, Strandgt.59, 5004 Bergen, med kopi til Voss kommune, og fråsegnene må vera innkomme **seinast 7.mai 2007**.

Voss Fjellandsby AS nyttar dette høvet til å gje litt informasjon om planprosessen og aktørane i planprosessen :

Voss Utvikling (no Voss Fjellandsby AS) starta i 2005 med ein intern masterplan og knytta til seg planleggingsfirmaet RePlan AS. I samband med Kommuneplanrevisjon og Kommunedelplan for hytter for Voss kommune er det slått fast at "Det må lagast ein overordna masterplan, evt eigen kommunedelplan". Voss Utvikling fekk direkte oppmoding om å ta på seg dette arbeidet og planarbeidet starta i mai 2006. Det vart skipa ei styringsgruppe med grunneigarfleirtal, tre frå Mørkve-Skjervheim, ein frå Bygarsli, ein frå Ulvund og ein frå Årnot og med observatørar frå Voss kommune. Fyrste mål for planarbeidet var å skape semje om yttergrenser for Kommunedelplanen med frist til juni 2006 og andre mål var å gjennomføre ein Utviklingsplan primært som ein reiselivsplan, eit forstudie.

Voss Utvikling sette i 2005 også i gang arbeidet med å lage ein avgrensa lokal Alpin-/ Ski-utviklingsplan på nivå med ein reiselivsplan – eit forprosjekt for sjølve Fjellandsbyen.

Det var i Styringsgruppa for Utviklingsplanen semje om at det er fornuftig at denne planen vert utvida til å omfatta heile Myrkdalen og slik at den kan danne eit av grunnlaga for ein Kommunedelplan for Myrkdalen gjennomført på nivå med ein reiselivsplan – forprosjekt.

Styringsgruppa vedtok at planarbeidet for ein Alpinplan for Myrkdalen, som eit grunnlag for Kommunedelplan, skal setjast i gang no.


Styringsgruppa vedtok at Voss Fjellandsby på vegne av Styringsgruppa og grunneigarane som samarbeider om Utviklingsplanen (Reiselivsplanen), søker om offentlege tilskot til planarbeidet. Søknad er sendt og ein har fått tilsegn om tilskot på kr. 100.000,- frå Kraftfondet i Voss kommune.

For nærare informasjon om Utviklingsplanen og Alpinplanen, sjå heimesida til Samstyret for laga i Myrkdalen, www.myrkdalen.org.

Vi oppmoder alle grunneigarar om å engasjere seg i planarbeidet slik at dette verkeleg vert ein plan for heile Myrkdalen. I denne omgang er det planprogrammet som er ute til fråsegn, og det vil verta høve til å komma med innspel til planen ved fleire høve i planperioden, som ein reknar med vil vara til hausten 2008. Desse tidlegare innspela kjem i planperioden, dess betre er det for å få ein god planprosess.

Voss 16.04.07

Med venleg helsing
For Voss Fjellandsby AS



Nils Akselberg
Dagleg leiar

Kopi: Voss Fjellandsby Hytteeigarlag v/Stig Frøysland